

SETTE INN TILTAK FOR Å FOREBYGGE OVERGREP MOT BARN

Vedteke av Grøn Ungdom sitt landsstyre 04.06.2017

Bakgrunn

I 2016 og 2017 har nedkjemping av overgrep mot born og overgrep generelt vore eit aktuelt tema for debatt i media. Per dags dato går dei fleste tiltak ut på straff og sanksjoner for overgriper dersom lovbrøt blir oppdaga og det er tilstrekkeleg med bevis. Det er derimot lite som blir gjort for å førebygge seksuelle overgrep.

Drøfting

I Hanne Østli Jacobsen sin artikkel "Alene i forbudte tanker"¹ blir det vist til at det er knapt med forskning rundt barneovergripere, at opp til 1-3% av menn kan ha pedofile fantasier, at 60% av psykologar og psykiatrar ikkje ønskjer å arbeide med pedofile² samt at ein ikkje veit kva for behandling som gir best effekt.

Det er ingen av dei psykologiske fakulteta ved dei norske universiteta som arbeidar med pedofili. Knut Hermstad, som har skreve doktorgradsavhandling om menn som har begått seksuelle overgrep meiner at det er erfarne sexologar som bør arbeide med å hjelpe dei står i fare for å gjennomføre overgrep mot born.

For pedofile og andre som ønskjer hjelp for å hindre at dei gjennomfører overgrep, er det lite oversiktleg kva for tilbod dei kan nytte seg av. Noreg er det einaste landet i Norden som ikkje har eit behandlingstilbod med lav terskel som pedofile kan nytte seg av.³ I ei rekkje europeiske land har dei ulike former for hjelpetelefoner som ein meiner kan ha ein førebyggande effekt.

Saksbehandlar sin konklusjon

I dag manglar Noreg politikk som går på førebygging av overgrep. Vi meiner derfor at Grøn Ungdom bør fremme tiltak som arbeidar for å hindre seksuelle overgrep, og da spesielt overgrep mot dei mest sårbare i samfunnet: barn. Det er spesielt innanfor psykisk heleteneste at det er potensiale for å sette inn tiltak.

Vedtak

- Landsstyret meiner at det bør opprettast eit lavterskeltilbod, inkludert ein førstelineteneste på telefon, for dei som ønskjer hjelp for å hindre at dei forgrip seg på nokon seksuelt.
- Landsstyret meiner at behandlingstilbodet til dei med overgrepfantasier, slik som ved Institutt for klinisk sexologi og terapi (IKST), bør utvidast og styrkast.
- Landsstyret ønskjer ikkje utreiseforbod for tidlegare overgrepsdømte.

¹ https://morgenbladet.no/samfunn/2015/alene_i_forbudte_tanker

²

https://helseforskning.etikk.no/prosjekterirek/prosjektregister/prosjekt?p_document_id=271167&p_parent_id=273747&ikblanguageCode=us

³ <http://www.vg.no/nyheter/kampen-mot-overgrepsfiler/norge-eneste-land-uten-hjelpetelefon-for-pedofile/a/23894177/>